

RIKSANTIKVAREN
Postboks 8196 DEP
0034 OSLODato: 01.07.2016
Vår ref.: 2014/10587-41
Saksbehandlar: heihand
Dykkar ref.:

Iverksetjing av vilkår jf kulturminnelova §10 - Askeladden-id 175012 m.fl. - områdeplan Sotrasambandet - Fjell kommune - Hordaland

Hordaland fylkeskommune viser til tidlegare korrespondanse vedrørende områdeplan fv 555 Sotrasambandet, parsell Kolltveit-Bergen kommunegrense, Fjell kommune i Hordaland, planID 20130001 362RP, og til vedlagt brev frå Statens vegvesen v/Bente Johnsen Aase datert 16.06.16.

Statens vegvesen ber om oppfyljing av vilkår sett av Riksantikvaren i brev av 13.11.15. I samband med områdeplan for fv 555 Sotrasambandet, parsell Kolltveit-Bergen kommunegrense i Fjell kommune er det gjeve løyve til inngrep i Askeladden id 169978, 174695, 174992, 174994, 174995, 174997, 175003, 175004, 175005, 175006, 175012 og 175022 etter § 8,4. ledd i kulturminnelova med vilkår om arkeologisk utgraving. Områdeplanen, parsell Kolltveit-Bergen kommunegrense, vart vedtatt av Fjell kommune den 26.05.16 med dei vilkår som Riksantikvaren sette.

Fjell kommune opplyser at på grunn av ferieavvikling vil vedtatt plan bli kunngjort i august. Vedlagt er møtebok frå Fjell kommune og plandokument. Plankart kan lastast ned her <http://sak.fjell.kommune.no/dokumenter/Sotrasambandet/Reguleringskart%20-%20Fjell%20parsell/>

Hordaland fylkeskommune ber Riksantikvaren fatte endeleg vedtak om omfang og kostnader knytt til dei arkeologiske utgravingane.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Heidi Handeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
UNIVERSITETET I
BERGEN
STATENS VEGVESEN
FJELL KOMMUNE